




Gamalosttinget 2022

Østebaren

laurdag 4. juni 2022 kl. 15:30



Forutan dei formelle årsmøtesakene har vi dette på programmet:

Rikke Vidde Westvig fortel frå Masteroppgåva si om marknadsføring og merkevarebygging av gamalosten. Det vert også fokus på den nye heimesida til Gamalostlaget og bruken av sosiale media.

Olav Torgersen, Linn Skjærlund og Elise Standal Moen frå Aurland fortel om korleis dei ystar.

Vær velkomne!



Årsmøtesaker for driftsåret 2020/21/22

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste	2
Sak 2: Val av ordstyrar, referent og ein til å underskrive referatet.....	2
Sak 3: Årsmelding 2020/2021 og 2022	2
Justering av medlemskontingenten	3
Sosiale media	3
NM i Skiskyting.....	4
Gamalost på stett.....	5
Hovemadonnaens heimkomst	5
Sak 4: Rekneskap 2021.....	6
Revisjonsmelding 2021	8
Sak 5: Val av styre og valnemnd.....	8
Valnemnda sitt forslag til nye styremedlemmar	9
Valnemnd frå 2020 har vore	9
Framlegg til ny valnemnd i 2022	9
Sak 6: Val av revisor	9
Sak 7: Styrets forslag til budsjett for 2022	10
Sak 8: Ymse	10

Sak 1: Godkjenning av innkalling og sakliste

Sak 2: Val av ordstyrar, referent og ein til å underskrive referatet

Sak 3: Årsmelding 2020/2021 og 2022

Grunna koronapandemien har det ikkje vore Tingsete sidan 25. september 2020. Når samfunnet no har opna opp att held me sjølvsgatt Tingsete under Gamalostfestivalen 2022!

Tingseta 2020 vart arrangert i etterkant av kulturkaféen den 25.09.2020 på Blix Hotell. Der fekk me mellom anna høyre Thorkild Heieren, nyutnemnd meierisjef for meieriet i Vik, snakke om utfordringar og moglegheiter ved Meieriet i Vik.

På Tingsete møtte i alt 9 personar.



Til nytt styre vart vald Birgit Voll, Turid Haga Vange, Per Henning Liljedahl, Henning Leiv Rivedal, Odd Rune Turvoll og Ragne Birte Lund.

Som valkomité vart vald Joanna Tenold (leiar), Olav Turvoll og Maria Bøtun.

Styret konstituerte seg i møte 27.11.2019 der Odd Rune Turvoll vart vald til leiar for eitt år. Grunna pandemien har det ikkje vore endringar i / val til styret sidan dess.

Det er vore 9 styremøte sidan førre tingsete, dei fleste via Teams.

Sakene styret i hovudsak har vore arbeidd med sidan hausten 2020 har vore:

- Justering av medlemskontingenten
- Bruk av sosiale media i Norsk Gamalostlag.
- NM i skiskyting
- Gamalost på stett
- Hovemadonnaens heimkomst

Justering av medlemskontingenten

Norsk Gamalostlag har i dag 119 aktive medlemmar. Om lag 100 av desse er betalande medlemmar. Talet er sagt å være 'om lag' då vi ikkje har fødselsåret på alle medlemmane. Dette blir det arbeid med å innhente.

Kontingenten var tidlegare basert på berre eit beløp ved innmelding (kr 500), deretter ingen årleg kontingent. Ein fekk då ei spesiell Gamalost t-skjorte som del av medlemskapet. Denne ordninga gjorde til at vi ikkje hadde noko jamn inntekt frå medlemmane. Resultatet vart at behaldninga av midlar vart mindre år for år. I tillegg til medlemskontingenten har vår arbeidskapital hittil komme frå generøse bidrag frå Jens Christensen og Ostecompaniet.

Den endra kontingenten er no slik (prisar per år):

- T.o.m. 18 år: Gratis
- Over 18 år: kr 200
- Studentar: kr 100
- Honnør: kr 100

Fordi vi ikkje har fødselsåret på alle medlemmane kan ein ikkje med sikkerheit seie kor mange som er i kvar av dei 4 gruppene.

Sosiale media

Styret har i eit par års tid arbeidd med strategi og handlingsplanar for gamalostlaget. Hausten 2020 starta Rikke Vidde Westvig på ei master-oppgåve innan identitet og merkevarebygging. Tema ho valde for masteroppgåva var gamalosten! Rikke leverte oppgåve rundt påsketider i 2021 og ho fekk toppkarakter på oppgåva!



Styret har i relativt lang hatt planar om å bruke sosiale media for både å nå ut til medlemmane og gjere gamalosten og dens eigenskapar kjent for mange fleire slik at fleire får oppleve denne fantastiske osten. Det er stor konkurranse med andre ostar der ute så når vi skal gjere eit slikt misjonærarbeid må det gjerast profesjonelt. Sidan Rikke driv firmaet VIDDE design (som arbeider med identitet og merkvarebygging), har styret engasjert Rikke til hjelpe oss med å etablere dei sosiale kanalane vi skal være i. Dette er på Facebook, Instagram samt heimeside.

De har kanskje lagt merke til den nye logoen øvst på denne sida og på Facebook? Den er eit resultat av arbeidet med sosiale media.

Dei sosiale media via Facebook og heimesida (www.gamalost.no) kom på lufta rett før årsskiftet. Grunnlaget er då lagt for å kunne formidle nyhende og informasjon til medlemmane. Det er framleis mykje som bør leggest til, spesielt på heimesida. Til det har vi fått til eit godt samarbeid med Julia Gomez Vangsnes.

Rikke vil være til stades på Tingsete og fortelje om prosjektet sitt og etableringa av dei sosiale plattformene til Norsk Gamalostlag.

NM i Skiskyting

NM i Skiskyting vart arrangert av Vik IL i perioden 24. – 27. mars 2022. Som del av premiane til utøvarane vart det utdelt ein pose med lokal mat.

Arrangøren søkte Tine om å sponse arrangementet med 70 kvarte Gamalostar og 70 flasker Bringebærjuice frå Vik. Tine avsto diverre søknaden so då stilte Norsk Gamalostlag opp og sponsa!

På laurdagen stilte Jens Brekke, Per Henning Liljedahl, Anne Bekkhus og Odd Rune Turvoll opp på Kålsete for å gi folk smaksprøvar. Jens og Anne bytest på å være ute på arenaområdet ikledd kappa og Per Henning og Odd Rune ved matstasjonen. Hektiske og artige timar der vi klarte å dele ut om lag 1500 smaksprøvar! Bilete ligg på Facebook-sida 'Gamalost'.





Gamalost på stett

Jens Brekke kom opp med ideen om å plassere Gamalosten som sto utanfor meieriet på eit stett og vise den fram under NM. Ein slik god idé kunne vi ikkje la gå i frå oss! Etter å ha fått ei betongplate frå Røyrvik Bygg og Betong, restar av ein telefonstolpe frå Sognekraft og ei stålplate frå Sogneprodukt, tok Vik fengsel utfordringa med å montere delene saman ihht skissa frå Ottar Wiik.

Når Vik fengsel var ferdige med jobben, transporterte vi treplata og osten opp til Kålsete. Med god hjelp av Vik IL fekk me plassert osten rett framfor rundkøyringa før målpasseringa. Dette sikra god synlegheit på sendingane til NRK!



Fundamentet m/ stett vart ikkje nytta på Kålsete grunna mykje snø og derav transportvanskar. Når snøen er vekke er planen å få ei permanent plassering av stett m/ost på Kålsete. Ny 'ost' må då lagast slik at det alltid vil stå ein framfor Ostebaren.

Hovemadonnaens heimkomst



Gamalostlaget ynskte at osten skulle vera synleg under dagane for heimkomsten for Maria frå Hove. Den gjekk føre seg 20-22. mai. Lokale smaksopplevingar for tilreisande ga noko ekstra og var ein fin måte å introdusere osten på til kultur- og historie interesserte. Arrangementa knytt til Hovemadonnaens heimkomst handlar jo om å binde nåtid og fortid saman og om Vik sin identitet, noko osten er!

På det populærvitskapelege heildags seminaret på Blix hotell sto Gamalostlaget ved Ragne Birte Lund som dels ordstyrar og Hovmadonnakomiteens innleiar for ei overrasking med gamalost som «icebreaker».

Birgit Voll og Per Henning Liljedahl stilte i bunad og kappe ved Hove kyrkje med annleis smaksprøvar før sjølv Velkomen Heim arrangementet og dei etterfylgjande konsertane.

På ekstraordinær historisk laurdags kafé var gamalosten tilbehør til vaflane.

Det hadde vore ynskjeleg at Ostebaren hadde lengre opningstid i desse helgedagane, men i skrivande stund verkar det lite sannsynleg.



Sak 4: Rekneskap 2021

Norsk Gamalostlag Årsrapport 2021


accountor

Tekst	2021	2020
3300 ANDRE INNTEKTER	1 578	4 610
3500 GÅVER	10 000	0
3900 MEDLEMSKONTINGENT/	1 825	2 000
Andre inntekter	13 403	6 610
Sum driftsinntekter	13 403	6 610
4300 KJØP BØKER/T-	1 050	1 400
Varekostnader	1 050	1 400
Bruttoforteneste	12 353	5 210
Dekningsgrad	92,2%	78,8%
6700 REKNESKAPSHONORAR	5 126	3 825
Administrasjonskostnader	5 126	3 825
6810 DATA/EDB-KOSTNAD	0	657
6860 MØTEKOSTNADER	0	1 203
Kontorkostnader	0	1 860
6940 PORTO	840	73
Telefon, porto	840	73
7321 REKLAMEKOSTNAD	13 737	2 810
Sal, reklame, repr.	13 737	2 810
7420 GÅVE, frådragsb.	0	350
Kontingentar og gaver	0	350
7770 BANK- OG KORTGEBYR	100	100
7790 ANNAN	41	84
Andre kostnader	141	184
Sum driftskostnader	19 845	9 102
Driftsresultat	-7 492	-3 892
8050 RENTEINTEKT	0	11
Finansinntekter	0	11
Netto finansposter	0	11
Resultat før skatt	-7 492	-3 881
Resultat etter skatt	-7 492	-3 881



Norsk Gamalostlag Balanse desember 2021

	Pr 01.01.	Hittil i år:	Endring	%
Eigendeler				
Anleggsmidler				
Varige driftsmidler				
Finansielle anleggsmidler				
Omløpsmidlar				
Fordringar				
Investeringer				
1920 BANK 3800.15.66757	38 955	31 776	-7 179	-18,4
Bankinnskot, kontantar o.l.	38 955	31 776	-7 179	-18,4
Sum omløpsmidlar	38 955	31 776	-7 179	-18,4
Sum eigendeler	38 955	31 776	-7 179	-18,4
Eigenkapital og gjeld				
Eigenkapital				
Innskutt egenkapital				
Opptent eigenkapital				
Udisponert resultat	0	-7 492	-7 492	0,0
2050 EIGENKAPITAL	38 955	38 955	0	0,0
Annan eigenkapital	38 955	38 955	0	0,0
Sum opptent eigenkapital	38 955	31 463	-7 492	-19,2
Sum eigenkapital	38 955	31 463	-7 492	-19,2
Gjeld				
Avsetjing for forpliktelsar				
Annan langsiktig gjeld				
Kortsiktig gjeld				
2400 LEVERANDØRGJELD	0	313	313	0,0
Leverandørgjeld	0	313	313	0,0
Sum kortsiktig gjeld	0	313	313	0,0
Sum gjeld	0	313	313	0,0
Sum eigenkapital og gjeld	38 955	31 776	-7 179	-18,4





Revisjonsmelding 2021

Eg har kontrollert Norsk Gamalostlag sin rekneskap for 2021, som syner eit underskot på kr 7 492 og ein eigenkapital pr 31.12.2021 på kr 31 463.

Føresetnader for revisjonen

Norsk Gamalostlag er ikkje pålagt revisjonsplikt gjennom norsk lov, men har sjølv vedtektsfesta val av revisor. Norsk Gamalostlag har ikkje reglar om korleis revisjonen skal utførast.

Fylgjande kontrollhandlingar er utført

Bokførde eigedeler i balansen er kontrollerte mot dokumentasjon av balansen. Kostnader er kontrollerte mot vedlegg til rekneskapen, blant anna med tanke på om dei vedkjem laget.

Merknader til rekneskapen

Utan at det har innverknad på konklusjonen nedanfor, er det funne formelle feil knytt til dokumentasjon av kostnader og kontrollsporet mellom rapportar og underliggjande dokumentasjon.

Konklusjon

Eg kan ikkje sjå at rekneskapen for 2021 inneheld vesentlege feil som påverkar resultat og eigenkapital for 2021.

Vik i Sogn, den 29.05.2022

Jo Risløv
-revisor-

Sak 5: Val av styre og valnemnd

Utdrag frå vedtektene:

- Norsk Gamalostlag leiast av eit styre på 4-6 medlemar.
- Kvart medlem i styret skal veljast for to år.
- Styret konstituerer seg sjølv, dvs vel sjølv hovding / leiar.
- Maksimum lengde på samanhengande deltaking i styret er 10 år.

Dagens styre:

Styremedlem	Vald for periode	Anmerkning
Birgit Voll	2020 – 2022	
Turid Haga Vange	2020 – 2022	
Per Henning Liljedahl	2019 – 2021	
Henning Leiv Rivedal	2019 – 2021	
Odd Rune Turvoll	2019 – 2021	Tek ikkje attval
Ragne Birte Lund	2019 – 2021	



Valnemnda sitt forslag til nye styremedlemmar

Julia Gomez Vangsnes og Anne Bekkhus har takka ja til å stille som kandidatar til i styret for Norsk Gamalostlag.

Valnemnd frå 2020 har vore

Valnemnd	Vald for periode	Merknad
Joanna Tenold	2019 – 2021	Leiar i valnemnda
Olav Turvoll	2019 – 2021	
Maria Bøthun	2020 - 2022	

Framlegg til ny valnemnd i 2022

Joanna Tenold går ut av valnemnda. Olav Turvoll rykkjer då opp til å vere leiar i Valnemnda.

Valnemnda skal ha to medlemmar. Viss eitt eller fleire styremedlemmar går ut av styret går og Olav Turvoll ut av valnemnda. Maria Bøthun rykkjer opp til å vere leiar og eitt styremedlem som går ut av styret går inn i valnemnda.

Sak 6: Val av revisor

Jo Risløv har sagt seg viljug til å være revisor for eitt nytt år.



Sak 7: Styrets forslag til budsjett for 2022

Budsjett Norsk Gamalostlag 2022			
	pr stk	Tal	
Nye medlemmar (gjennomsnittleg kontingent)	100	50	5 000
Medlemskontingent eksisterande enkeltpersonar	100	75	7 500
Medlemskontingent verksemdar	500	10	5 000
Sal av rekvisita			-
Tilskot			15 000
Andre inntekter (Gamalostfestivalen)			2 000
SUM INNTEKTER			34 500
<i>Driftskostnader</i>			
Nettside / sosiale media			5 000
Messer / matfestivalar			5 000
Lønn			-
Administrasjonskostnader			-
Kontorkostnader (reknskap, IT)			5 000
Reise / diett			5 000
Sal, reklame, representasjon			7 000
Andre kostnader			7 500
SUM DRIFTSKOSTNADER			34 500
DRIFTSRESULTAT			0

Sak 8: Ymse

Meld frå skriftleg på post@gamalost.no viss det er andre ting du vil skal takast opp på Tingseta. Må være meldt inn seinast fredag 3.06.22.